

Hjelmåsen as v/ Geir Styve, 5915 Hjelmås

Eigil Johnsen, Kristofer Jansonsvei 34, 5089 Bergen
Marit Bønes, Tjørnhaugen 64, 5152 Bønes
Unni Synnevåg, Litleåsvegen 86, 5132 Nyborg
Arne Vilhelmsen, Likollen 15, 1481 Hagan
Håkon Hagesæter, Søndre Blekevei 5, 5018 Bergen

Hjelmås 20/1/2013

Vedr. utbygging av Hellesåsen

Det ser no ut for at tomt nr 16 (nabotomt til Gunn Husa) er den første tomten som vil verte utbygd, og vi satsar på at vi kan få lov setje spaden i jorda rett over påske i år. Byggherre vert Heidi Styve og Inge Eikanger. Det har med andre ord skjedd ei endring på deira tomteval sidan sist de fekk informasjon.

Som utbyggjar av tomt nr 16 kjem vi i nærkontakt med ein del etablerte forhold som ein eller fleire av dykk er involvert i. Vi ynskjer dialog før arbeid startar opp, det er viktig for oss å ta vare på det gode naboforholdet som eksisterer i dag.

Det vi ser av aktuelle tema er:

1 Brønnar.

Ein kan sjå i terrenget at det ligg 2 brønnar i området, pluss eit nedlagt borehol. Slik tomt nr 16 no er prosjektert, vil ingen av desse brønnane verte berørt av utbygginga. Det vil verte teke omsyn, slik at steinfyllingar og jordskråningar ikkje kjem ut over brønnane (gjeld i hovudsak den nederste brønn).

Frå ulike hald har vi fått høyre at desse brønnane i dag har låg kapasitet, og til dels låg kvalitet på vatnet. Vi ynskjer ikkje å kome i den situasjon at vi i etterkant får ein diskusjon om at arbeid på tomt 16 har ureina vatnet, eller at sprenging har redusert tilstrøyminga i brønnen.

Dersom brønnane skal oppretthaldast som i dag, så ynskjer vi ein snarleg dialog om prøvetaking av vatnet, og måling av tilsig. Dersom de ynskjer tilkopling til offentleg vatn og evt avløp, så er det heilt klart ein fordel om de gjer slike arbeid før det kjem hus på tomt 16, fordi grøfter vil medføre sprenging. Eventuell tilknytning vil medføre kostnader for refusjon til leidningsnett som vert opparbeidd. Kostnader her er førebels ikkje kjent, men kjem som ein funksjon av våre kostnader med entreprenørarbeid for å etablere vatn og avløp. Kostnader er naturlegvis kjent før vi startar opp. Dessutan vil kommunen krevje inn sine standard avgifter for tilknytning og drift.

2 Omlegging av kraftliner.

Det går ei kraftline rett over tomt 16, i tillegg er denne ganske låg (kun 2,5 m over bakken) Denne må leggjast om, og BKK avgjer korleis og når det skal skje.

3 Felling av trær

Det er aktuelt å rydde trær i skråninga mellom tomt 16 og 202/78. Vi ynskjer ikkje å vere så uheldige at vi fellar trær på annan manns grunn, så vi vil ha oss ein runde og leite etter grensermerka. Kanskje er det også trær som andre vil ha vekk, som kan fellast i same økta, så ein unngår framtidige problem med linjer/hus.

Alt etter kvar BKK legg linjene, kan nok dei også ville fjerne trær som førebyggjande sikring av linjer, utan at vi har kontroll over dette.

4. Parkering

Den opparbeidde parkeringsplassen rett ved tomt 16 vil no ligge litt keitete til. Vi ser for oss at vi flyttar den litt nærare fjellskrenten (nordover), og at eksisterande avtale vert justert i høve til dette

5. Løypestreng

Det er motert ein løypestreng som fram til no ikkje har vore i vegen for nokon, men denne ynskjer vi at eigaren fjernar.

6. Gangsti/snarveg ned til bygdevegen (mellom tomt 16 og 203/78)


Denne vert ikkje berørt av utbygginga, men den vert heller ikkje oppgradert.

Informasjonen vert sendt til dykk på denne måten for at de alle skal få lik informasjon, og rimeleg omrømingstid. Det er konsulenten vår som samlar trådane frå alle hald når det gjeld ting som skal inn på teikningar, så her vil vi gjerne ha tilbakemelding direkte til han. Adresse : Atle D. Utkilen, Fønnes Senter, 5953 Fønnes

Dersom det elles er ting som er oversett, eller det er fornuftig med ei felles befaring, så gje endeleg beskjed!

Beste helsing
Hjelmåsen as

Geir Styve



Utsnitt frå reguleringskart. Husplassering på tomt 16, er skissemessig, vert ikkje nett slik.